

GJENNOMFØRINGSPLAN LEVE HEILE LIVET

VESTLAND

2021 -2023

Dato April 2021	Godkjent av:	Utarbeidet av: FM: Anne Eli Wangen, Beate Helland, Ingunn Eriksen, Ragna Flotve, Janne Listhaug, Åse Vaag USHT: Bodil Kristensen, Marta Strandos, Olaug Hindal KS: Leni Klakegg Fylkeseldrerådet: Harald Ekroll, Senter for omsorgsforskning vest: Frode Fadnes Jakobsen, Liv Torunn Solstad Fylkeskommunen: Else-Marie Brobakke Aarø Husbanken; Siri Erdal, Olav Ohnstad
---------------------------	---------------------	--

Innhold

1. Bakgrunn	3
2. organisering og ansvar.....	3
3. Det regionale støtteapparatet	4
3.1. Kommunikationsplan i 2021	9
3.2. Kommunikationsstrategi 2021	10
3.3. Kommunikationsplan 2022-2023	13
Kommunikasjonsstrategi 2022 - 2023	14
4. Organisering av nettverk	16
5. Øvrig oppfølging	21

1. BAKGRUNN

Gjennomføringsplanen er ein felles plan frå det regionale støtteapparatet i Vestland. Den beskriver korleis vi i 2021 konkret skal jobbe, parallelt med kommunane i dei ulike fasa. Det har vert gjennomført fleire arbeidsmøte i støtteapparatet der gjennomføringsplanen har vore hovudtema. Utkast til plan har vore presentert og diskutert i koordineringsgruppa (utvida støtteapparat). Kommunikasjonsstrategi for 2021 som blei utarbeidd tidleg på året, er konkret på tiltak og detaljert i forhold til tidspunkt. Planen for 2022 – 2023 er konkret, men ikkje detaljert. Her har støtteapparatet diskutert seg fram til dei hovudmomenta som skal følgjast opp, men dette vil verte gjennomført i sterk dialog med kommunane sine behov.

Samarbeidet mellom plan og helse- og omsorgsavdelinga har vore god hos Statsforvaltaren i Vestland. Denne tette dialogen har ført til god arbeidsfordeling internt, og raskare løysing av oppgåver. Denne tette dialogen har vi vist til i dialogen med kommunane

Arbeidet i støtteapparatet er vore spesielt godt, og det vert lagt ned mykje ressursar og tid i arbeidet med reforma frå alle partar. Det er stort engasjement og samarbeidet i støtteapparatet har ført til at kommunane har fått god rådgjeving i sitt arbeid

2. ORGANISERING OG ANSVAR

Det regionale støtteapparatet i Vestland fylke er Statsforvaltaren, KS og Utviklingssenter for sjukeheimar og heimetenester (USHT). Det regionale støtteapparatets oppgåver er.

Arbeidet med Leve hele livet hos Statsforvaltaren er forankra i embetsleiinga og skal vere eit tverrfagleg satsingsområde hos Statsforvalterne i Vestland. Arbeidet er organiserast som eit prosjekt med eigen handlingsplan for gjennomføring. Statsforvaltaren har oppretta ei intern prosjektgruppe med tilsette frå helse-, sosial- og barnevernsavdelinga, kommunalavdelinga og landbruksavdelinga. Hovudansvaret for Statsforvaltaren arbeid med reforma er lagt til helse-, sosial- og barnevernsavdelinga, leia av assisterande fylkeslege Linda Svori.. Arbeidsgruppa har tilsette med ulik kompetanse og fagbakgrunn som arbeider ved Statsforvaltaren sine kontorstader Bergen, Leikanger og Førde.

Prosjektleder og koordinator for regionalt støtteapparat : Åse Vaag, fagdirektør kommunalavdelinga

Fagansvarleg helse: Anne Eli Wangen, seniorrådgjevar

Prosjektgruppe: Anne Eli Wangen-seniorrådgjevar, Beate Helland-seniorrådgjevar, Janne Weltzien Listhaug-seniorrådgjevar, Ingunn Eriksen-ass. fylkeslege, Ragna Flotve-seniorrådgjevar, Åse Vaag-fagdirektør,

Styringsgruppe; Leiargruppa ved embetet

Dei tre aktørane i det regionale støtteapparatet er Statsforvaltarane, KS og USHT er likeverdige partar i det regionale arbeidet. Statsforvaltaren har ein koordinerande rolle.

Alle norske kommunar og fylkeskommunar er medlem i KS(kommunesektorens organisasjon). KS arbeider for ein effektiv og sjølvstendig kommunesektor som tek vare på innbyggjarane sine behov. Aktivitetane i KS skal støtte opp under rolla som utviklingspartnar for kommunar og fylkeskommunar. KS har ei avtale med regjeringa og den legg grunnlaget for KS bidrag til gjennomføring av Leve heile livet.

I Vestland er det tre USHT, USHT Vestland (Sogn og Fjordane, USHT Vestland (Hordaland) og USHT Helse Fonna. USHT skal særskilt tilby kommunane råd og rettleiing i metodar og verktøy i fagutviklings-, forbetnings- og implementeringsarbeid. Leve heile livet er ein paraply for andre nasjonale satsingar, og det gjeld òg for deira aktivitet. USHT vil difor bidra til å synleggjere samanhengar og dra parallellar mellom ulike prosjekt/utviklingsarbeid. Kommunane sine behov er førande for deira aktivitetar.

Handlingsplanane til dei tre utviklingssentera i Vestland gir ei oversikt over prioriterte satsingsområde og planlagde aktivitetar for perioden.

3. DET REGIONALE STØTTEAPPARATET

Hovudoppgåva for det regionale støtteapparatet er:

- Mobilisere og engasjere alle kommunane i sitt fylke
- Spreie kunnskap om reforma - innhald og verkemidlar
- Gi tilbod om støtte og rådgeving til utvikling, iverksetting og evaluering av lokalt planarbeid
- Invitere til læringsnettverk og erfaringsdeling mellom kommunane

Det regionale støtteapparatet har stor aktivitet og arbeidet godt saman. Det er etablert ei eigen arbeidsgruppe som har tett dialog med jamnlege møte. Statsforvaltaren står ansvarleg for innkalling og drift av desse møta.

Det er oppretta ei **koordineringsgruppe** som utgjer eit utvida regionale støtteapparatet. I tillegg til Statsforvaltaren, KS og USHT er Fylkeseldrerådet, Senter for omsorgsforskning Vest, Fylkeskommunen i Vestland, Husbanken, Fylkestannlegen og representantar for Helseføretaka med i gruppa.

Koordineringsgruppa består av fyljande personar: Leni Klakegg, KS Vestland, Marta Strandos og Annette Eri Norevik, USHT Vestland (Sogn og Fjordane), Bodil Berg Kristensen, USHT Vestland (Hordaland), Olaug Hindal, USHT Helse Fonna, Harald Ekroll, Berit Anita Knudtsen Larsen og Monrad Reigstad,

Fylkeseldrerådet Vestland fylkeskommune, Frode Fadnes Jakobsen og Liv Torunn Solstad frå Senter for omsorgsforskning, Synnøve Stalheim og Else Marie Brobakke Aarø frå Vestland fylkeskommune, Jens Harald Garden frå Fylkestannlegen, Siri Erdal og Olav Ohnstad frå Husbanken, Grete-Lill Hjartnes og Marte Ulltang frå Helseføretaka, Statsforvaltaren i Vestland si prosjektgruppe.

Det er planlagt møte i koordineringsgruppa 3- 4 gonger i året. Dette vert endra etter behov. Vi vil evaluere fortløpande samansettinga av koordineringsgruppa og eventuelt endre/utvide etter behov.

Organisasjon / Eining/ Gruppe	Rolle	Ansvar	Oppgaver
Statsforvaltaren (SFVL)	Koordinator Samarbeidspart i regionalt støtteapparat om gjennomføringa av reforma	Prosjektleiar v/prosjektgr oppa	<p>Koordinere arbeidet regionalt</p> <p>Samarbeide med KS, USHT, fylkeseldreråd, fylkeskommunen, Senter for omsorgsforskning og Husbanken (regionalt støtteapparat)</p> <p>Legge til rette for og opprette samarbeid med regionale fagmiljø, frivilligarbeid og andre aktuelle organisasjonar (utvida regionalt støtteapparat).</p> <p>Spreie kunnskap om reforma, mobilisere og engasjere kommunane</p> <p>Gje tilbod om støtte og rådgjeving til utvikling, iverksetting og evaluering av lokalt planarbeid</p> <p>Organisere og gjennomføre dialogmøte med kommunane</p> <p>Bidra til gjennomføring av dialogmøte, nettverksmøte og kommunebesøk for å hjelpe kommunane i sitt kartlegging- og planarbeid</p> <p>Legge til rette for - og bidra i arbeidet med læringsnettverk og erfaringsdeling mellom kommunane i reformperioden</p> <p>Bidra i nettverksarbeid og på ulike relevante og etablerte møteplassar med kommunane, fylkeskommunane og spesialisthelsetenesta</p>

			<p>Forvalte tilskotsordningar</p> <p>Årleg rapportering til Helsedirektoratet</p>
KS	<p>Samarbeidspart med Statsforvaltar og USHT om gjennomføring av reforma (regionalt støtteapparat),</p> <p>jf. avtale mellom regjeringa og KS om gjennomføring av Leve hele livet.</p>	KS Vestland	<p>Samarbeide med Statsforvaltaren, USHT, fylkeseldreråd, fylkeskommunen og senter for omsorgsforskning (regionalt støtteapparat) om gjennomføringa av reforma.</p> <p>Ansvar for å organisere og utvikle modell og verktøy innan Aldersvennleg Samfunn. Modellen er bygd på erfaringar etter fire nasjonale samlingar med kommunar som er med i nettverket for aldersvennleg samfunn. Dette arbeidet blir vidareført i senter i Ålesund «Aldersvennleg Norge»</p> <p>Informasjon til- og kommunikasjon med kommunane om målet med reforma, og at reforma skal gjennomførast med utgangspunkt i egne erfaringar og behov.</p> <p>Delta regelmessig på samlingar med kommunalsjefar og andre fora som kommunaldirektørutval, - bidra med oppdatering på reforma.</p> <p>Vere lyttepost for- og talerøyr mot kommunane. Bidra til at kommunane involverer seg i planlegging og gjennomføring av reforma regionalt.</p> <p>Bidra til at kommunane nytta etisk kompetanseheving og refleksjon opp mot innsatsområda som kan lette implementering og endringsarbeidet i kommunen.</p> <p>Bidra med støtte og verktøy i kommunanes planarbeid og planprosessar ut frå kommunanes ønskje og behov.</p> <p>Bidra til at andre utviklingsaktivitetar i KS og nasjonalt kan sjåast i samanheng med Leve hele livet satsinga. Dette kan være helsefellesskap, gode pasientforløp, digitalisering, velfredsteknologi mm</p> <p>Delta i arbeidsgrupper i regi av Helsedirektoratet i utarbeiding av støttemateriale til kommunane på dei 5 innsatsområda</p>

			<p>Bidra til planlegging og gjennomføringa av dialogmøta med kommunane</p> <p>Bidra med deltaking og kreativ tenking i arbeidsgruppe som er satt ned i fase to i reforma for å imøtekomme kommunane sine behov.</p> <p>Til ei kvar tid være oppdatert på gode tiltak og tilskot innan innsatsområda og spreie dette i dei ulike fora ein deltar.</p> <p>Utvikle nettverksarbeidet med kommunane til også å gjelde Leve hele livet – reforma</p> <p>KS tar ansvar for Erfaringskonferanse men i samarbeid med regionalt støtteapparat</p> <p>Bidra med gjennomføring av webinar på innsatsområda, oppretting av kontaktpersonnettverk, podkast mm</p> <p>Bidra til å inkludera helseføretaka i Vestland inn i regional støtteapparat og oppretthalde gode dialoger</p>
USHT	<p>Samarbeidspart med Fylkesmannen og KS om gjennomføring av reforma (regionalt støtteapparat)</p> <p>Fag- og tenesteutvikling</p>	<p>USHT, Sogn og Fjordane, Hordaland og Helse Fonna</p>	<p>Samarbeide med Statsforvaltaren, KS, fylkeseldreråd, fylkeskommunen og senter for omsorgsforskning (regionalt støtteapparat) om gjennomføringa av reforma.</p> <p>Delta i dialogmøte med kommunane.</p> <p>Informere om reforma og kva USHT kan tilby kommunane av hjelp og støtte på fagnettverk, læringsnettverk og andre møteplassar.</p> <p>Gje tilbod om- og gjennomføre læringsnettverk ut frå kommunanes behov om metodar og verktøy i fagutvikling-, forbeiring- og implementeringsarbeid.</p> <p>Bruke møteplassar og nettverk som alt er etablerte for læring og erfaringsdeling.</p>

			Delta i dialogmøte med kommunane
Fylkeseldrerådet	Samarbeidspart Brukarstemme og rådgjevar	Fylkeseldrerådet i Vestland	Samarbeide med Statsforvaltaren, KS, USHT, fylkeskommunen og Senter for omsorgsforskning (regionalt støtteapparat) i gjennomføringa av reforma. Representere brukarane, gje råd- og kome med gode forslag til regionalt støtteapparat i reformperioden. Informere om reforma på aktuelle møteplassar og hjelpe kommunale eldreråd til å gripe tak i problemstillingane. Delta i dialogmøte med kommunane.
Senter for omsorgsforskning	Samarbeidspart Fagleg rådgjevar Fagleg bistand	Senter for omsorgsforskning Vest	Samarbeide med Statsforvaltaren, KS, USHT, fylkeseldreråda og fylkeskommunen (regionalt støtteapparat) om gjennomføringa av reforma. Bidra med rettleiing og fagleg støtte i USHT sitt nettverksarbeid. Dei fem sentra for omsorgsforskning har inngått avtale med Helsedirektoratet om å vere det nasjonale fagmiljøet i gjennomføringa av reforma. Senter for omsorgsforskning, vest har i dette arbeidet ansvar for innsatsområdet Aldersvenleg Noreg, men bidreg også inn mot andre område i reforma.
Fylkeskommune	Samarbeidspart	Vestland fylkeskommune	Delta i koordineringsgruppa Bistå med kompetanse knytt til tannhelseteneste
Husbanken	Samarbeidspart		Delta i koordineringsgruppa
Helseføretaka	Samarbeidspart		Deltar i enkelte tema

3.1. Kommunikasjonsplan i 2021

På grunn av pandemien reknar ein at arbeidet med Leve heile livet er om lag seks månader forseinka, i forhold til opprinneleg plan. Kommunane har hatt ulik kapasitet til å jobbe med reforma, og det er dermed stor variasjon i kor langt dei er komne. Dette må det takast omsyn til i den vidare dialogen. Det er forventa at alle kommunar i løpet av 2021 skal ha fatta politiske vedtak om korleis reforma skal gjennomførast lokalt, og kunne dokumentere at dei har eller har planlagt forankring av vedtaka i kommunale plandokument. I Vestland er det 4 kommunar som ikkje har vedteke plan politisk eller har ei skisse for korleis dei skal nå dette målet.

Aktiviteten mot kommunane har hovudsak dreidd seg om fylgjande i 2021;

- **Dialogmøte.** I 2021 vil det vere stor fokus på dialogmøte med kommunane. Denne dialogen ser vi er svært viktig for kommunane, mange har utfordringar med å få gode planar på plass som grunnlag for arbeidet. Det verte lagt stor vekt på oppfølging av planarbeidet i kommunane ila 2021. Mange kommunar har utfordring med den interne dialogen i kommunen knytt til plan, samt medverknad i plan. Kommunen har i forkant av møte fylt ut skjema der dei sei litt om utfordringar i med arbeidet, og kva dei ynskjer hjelp og støtte til. Både KS, USHT og SFVL kan med det førebu ein meir målretta tilbakemeldinga til kommunen. At alle tre partar i det regionale støtteapparatet har vore med på desse dialogmøte, har vore veldig viktig.
- **Nyhetsbrev.** Det vert sendt ut nyhetsbrev frå støtteapparatet to gonger i året. I desse breva får kommunane informasjon om aktivitet og nyhente både frå regionalt- og nasjonalt støtteapparat.
- **Kontaktpersonar i kommunane.** Det er oppretta eige nettverk med representantar frå alle kommunane. Desse kontaktpersonane får informasjon via mail, men vert også samla til felles møte 2-3 gonger i året. Viktig med ein link og kontaktpunkt i kommunane i reformarbeidet.
- **Fagdagar /Webinar.** Det vert gjennomført mange webinar ila av året med tema som gjeld dei fleste innsatsområda i reforma, det er stor oppslutnad frå kommunane på webinar. Tema som vert valt ut er for ein stor del etter innspel frå kommunane.
- **Podkast.** Produksjon av 4 podkast innanfor mat og måltid er eit samarbeid mellom støtteapparatet og Landbrus- og matdepartementet. Line Melby frå Senter for Omsorgsforskning har produsert desse i samarbeid med fagpersonar frå fleire kommunar i Vestland. Tema som vert presentert; 1. Forebyggende hjemmebesøk til eldre. 2. Spisevenn. 3. Mat, måltider og frivillighet. 4. Mat som miljøskapande tiltak i institusjon.
- **Digitalisering** har også får ein plass i reformarbeidet. KS Vestland ser eit stort behov for å satse på informasjon og kommunikasjon i reformperioden. KS er sterkt involvert i digitaliseringa i kommunesektoren og vil følgje opp dette arbeidet, også innan helseområdet.

- **Satsingar 2021.** Kompetanseløft 2025, Demensplan 2025, pårørandestrategi og nasjonal ernæringsstrategi for eldre er nye satsingar frå 2021. Det er eit mål at desse nye satsingane skal sjåast i samheng med Leve heile livet. Det vert m.a. gjennomført webinar om demensplan 2025 april 2021.

3.2. Kommunikasjonsstrategi 2021

Kommunikasjons-form	Mål med kommunikasjon	Tema	Når	Ansvar	Målgruppe
Innlegg på konferansar, faglege møte ulike nettverk og ulike møteplassar	Informere og inspirere	Leve heile livet Kommunalt planarbeid Aktuelt regelverk	Fortløpande	SFVL (prosjektgruppa) Koordineringsgruppa (regionalt støtteapparat)	
Innlegg på møte for eldreråd/fylkeseldreråd	Informere, inspirere og oppfordre til aktiv deltaking i kommunalt planarbeid	Leve heile livet som samfunnsreform Planprosessar, Medverknad Planlegging av meir aldersvenlege samfunn	Fortløpande	Statsforvaltaren	Medlemmer av eldreråd
Dialogmøte med kommunane	Informere og inspirere Erfaringsdeling	Plan og planprosessar, gjennomføring av reforma	Etter oppmoding frå kommunane	SFVL (prosjektgruppa) Regionalt støtteapparat	Politikarar, leiarar, eldreråd
Innlegg på møte i planforum	Informere kommunale planleggarar om reforma og kva som må til for at samfunnet skal verte meir aldersvenleg.	Leve heile livet – som samfunnsreform Eit aldersvenleg samfunn Folkehelseperspektiv Førebyggingsperspektiv	Fortløpande	SFVL (plan/folkehelse) Husbanken Vestland fylkeskommune	Kommunane, fylkeskommune, Husbanken

	Inspirere til betre tilrettelegging for at eldre kan delta aktivt i planarbeidet (brukarmedverknad). Inspirere til planlegging av meir aldersvenlege lokalsamfunn og lokalmiljø.	Utjamning-reduksjon av uynskja variasjon			
Informasjon på SFVL, KS og USHT sine nettside	Informere Spreie kunnskap Erfaringsdeling	Leve hele livet – nyhende Aktuelle saker Gode døme Leve hele livet -eit aldersvenleg samfunn KS- nasjonale læringsnettverk for aldersvenlege samfunn	Fortløpande	SFVL (prosjektgruppe) KS, USHT	Tilsette i kommunane, eldreråd, politikarar, frivillige
Innlegg på fagnettverk/ læringsnettverk/ fagdagar	Undervisning /opplæring Spreie kunnskap Erfaringsdeling	Leve hele livet - aktuelle tema Samfunnsplanlegging Regelverk Metodar for forbetningsarbeid, implementering	Fortløpande	USHT, Prosjektgruppe Koordineringsgruppa	
Delta i kommunalsjef-nettverk for helse og omsorg i Vestland	Informasjon og erfaringsdeling. Vere ein lyttepost	Leve Heile Livet	Kontinuerleg	KS	
Møte med kontaktpersonar i kommunane	Betre dialogen med kommunane, spreie informasjon, initiere til nettverk mellom kommunane	Leve hele livet, alle innsatsområder	18. februar, Haust -21	SFVL, KS, USHT	Kommunalsjef, prosjektleiar el. andre i kommunen
Fagdagar / webinar	Informasjon, erfaringsutveksling	Mat og måltid, dagaktivitetstilbod,	Mat og måltid 29. april - 21	SFVL, KS, USHT, Koordineringsgruppa	Kommunane, samarbeidsforum

Webinar	Informasjon ut til kommunane på enkelttema	Aktivitet knytt til; analyseverktøy, transport	Analyseverktøy; 18. Mars Transport ;haust -21	Eiga arbeidsgruppe	
Webinar	Informasjon	Demensplan 2025	April 2021	Statsforvaltaren - eige arbeidsgruppe	Kommunane
Fagdag / webinar	Informasjon / spreie kunnskap	Aldersvenleg bustadbygging	14. april 2021	Husbanken , Statsforvaltaren	Planleggarar, politikarar
Webinar	Informasjon	Demensplan 2025	20.april 2021	Statsforvaltaren	
Podkast mat og måltid	Informasjon, inspirasjon	Førebyggande heimebesøk Spise saman Miljøtiltak Velferdsteknologi	1. juni 2021	Statsforvaltaren, SOF	Dei frivillige, eldreråda, kommunane si helseteneste
Informasjonsbrev	Fagleg oppdatering, informasjon, inspirasjon	Aktuelle tema frå nasjonalt og regional hald	Mai/juni + november	Statsforvaltaren, USHT, KS + resten av koordineringsgruppa	Tilsette og politikarar i kommunane
Kronikk om reforma	Inspirasjon, oppdatering, informasjon	Aktuelle tema	Sommer	SFVL	Ålmenta
Erfarings - konferanse	Inspirasjon, oppdatering/informasjon	Gode døme frå kommunane	26.05.21	KS / Regionalt støtteapparat	Kommunane
Møte koordineringsgruppa	Involvering / oppdatering	Aktivitet knytt til Leve heile livet	Mai	Statsforvaltaren	Utvida regionalt støtteapparat
Webinar kompetanseløft 2021	Informasjon/spreie kunnskap/ inspirasjon	Kompetanseløftet 2025	3.juni	Statsforvaltaren	Leiarar og tilsette i helse- og omsorgstenestene, utdanningsinstitusjonane, ylkeskommunen
Leve hele livet-konferanse	Inspirasjon	Alle innsatsområda	8.juni	USHT Fonna	SFVL
Konferanse	Inspirasjon	Alle innsatsområda	9. juni 2021	USHT Vestland (Hordaland)	Kommunane

Fagdag/webinar i digitalisering	Betre kunnskapen om kommunikasjon og informasjon.	Formidle gode eksempler på tiltak	Haust -21	KS Eiga arbeidsgruppe	Kommunane
Podkast	Involvering av lokalsamfunna – dei frivillige	Nytte metodikk som vert nytta i LivOGLyst-satsinga	Haust -21	Statsforvaltaren. Vestland fylkeskommune	Kommunane
Fagdag/webinar	Informasjon, erfaringsutveksling	Transport, medverknad	Haust 2021	SFVL, KS, USHT, Koordineringsgruppa	Kommunane, samarbeidsforum
Arrangere årlege samhandlingsforum/ Leve hele livet konferanse	Informasjon Spreie kunnskap Inspirere Erfaringsdeling	Aktuelle Leve hele livet tema	Haust 2021	SFVL (prosjektgruppe) Koordineringsgruppa	Tilsette i kommunane, poltikarar, eldreråd, frivillige
Plankonferanse	Informasjon, erfaringsutveksling	Aktuelle plantema	Haust 2021	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren	Kommunane i Vestland

3.3. Kommunikasjonsplan 2022-2023

Det regionale støtteapparatet har ikkje lagt ein detaljert kommunikasjonsplan for dei neste to åra av reforma. Vi har prøvd å konkretisere nokre punkt som vil vere førande for arbeidet vidare.

- Nye satsingsområdet frå Helsedirektorat og Helse og omsorgsdepartement som kan sjåast i samanheng med Leve heile, vil verte implementert i arbeidet.
- Støtteapparatet vil legge vekt på gjennomføring og implementering av reforma i dialogen med kommunane desse åra. Korleis få til naudsyn endring i dagleg drift av kommunen, vil vere sentralt for å få inn gode rutinar i arbeidet som vil vare utover reformperioden. Viktig å få god dialog med leiinga i kommunen.
- Bruken av nettverk for fagleg dialog og formidling, vil vere sentralt også i denne delen av reformarbeidet. Her vil USHT ha ein viktig rolle. Støtteapparatet vil også stimulere til bruken av nettverk for fagleg dialog mellom kommunane for at dei kan støtte kvarandre i arbeidet. Det vert laga ein eigne oversikt over aktuelle nettverk som vert lagt ut på nettsida til Statsforvaltaren

- Dialogmøta med kommunane vil også denne perioden vere sentrale. Kommunane har ulik framdrift i reformarbeidet og denne form for støtte og dialog ser vi kan ta tak i kvar enkel sin kommune sin situasjon.

Kommunikasjonsstrategi 2022 - 2023

Kommunikasjons-form	Mål med kommunikasjonen	Tema	Når	Ansvar	Målgruppe
Innlegg på konferansar, faglege møte ulike nettverk og ulike møteplassar	Informere og inspirere	Leve hele livet Aktuelt regelverk	Fortløpande	SFVL (prosjektgruppa) Koordineringsgruppa (regionalt støtteapparat)	
Innlegg på møte for eldreråd/fylkeseldreråd	Informere, inspirere og oppfordre til aktiv deltaking i kommunalt planarbeid	Leve hele livet som samfunnsreform Medverknad Planlegging av meir aldersvenlege samfunn	Fortløpande	Statsforvaltaren	Medlemmer av eldreråd
Dialogmøte med kommunane	Informere og inspirere Erfaringsdeling	Gjennomføring av reforma Endring / nye rutinar	Etter oppmoding frå kommunane ved behov	SFVL (prosjektgruppa) Regionalt støtteapparat	Politikarar, leiarar, eldreråd
Innlegg på møte i planforum	Inspirere til planlegging av meir aldersvenlege lokalsamfunn og lokalmiljø.	Leve hele livet – som samfunnsreform Eit aldersvenleg samfunn Folkehelseperspektiv Førebyggingsperspektiv	Fortløpande	SFVL (plan/folkehelse) Husbanken Vestland fylkeskommune	Kommunane, fylkeskommune, Husbanken
Informasjon på SFVL, KS og USHT sine nettside	Informere Spreie kunnskap Erfaringsdeling	Leve hele livet – nyhende Aktuelle saker Gode døme	Fortløpande	SFVL (prosjektgruppe) KS, USHT	Tilsette i kommunane, eldreråd, politikarar, frivillige

		Leve hele livet -eit aldersvenleg samfunn KS- nasjonale læringsnettverk for aldersvenlege samfunn			
Innlegg på fagnettverk/ læringsnettverk/ fagdagar	Undervisning /opplæring Spreie kunnskap Erfaringsdeling	Leve hele livet - aktuelle tema Samfunnsplanlegging Regelverk Metodar for forbetningsarbeid, implementering	Fortløpande	USHT, Prosjektgruppe Koordineringsgruppa	
Arrangere årleg Leve hele livet konferanse	Informasjon Spreie kunnskap Inspirere Erfaringsdeling	Tema knytt til gjennomføring / implementering / leiing	Haust 2022 / 2023	SFVL (prosjektgruppe) Koordineringsgruppa	Tilsette i kommunane, politikarar, eldreråd, frivillige
Delta i kommunalsjef-nettverk for helse og omsorg i Vestland	Informasjon og erfaringsdeling. Vere ein lyttepost	Leve Heile Livet	Kontinuerleg	KS	
Møte med kontaktpersonar i kommunane	Betre dialogen med kommunane, spreie informasjon, initiere til nettverk mellom kommunane	Leve hele livet; Implementering / gjennomføring	Vår/haust 2022+2023	SFVL, KS, USHT	Kommunalsjef, prosjektleiar el. andre i kommunen
Fagdagar / webinar	Informasjon, erfaringsutveksling	Leve heile livet, alle innsatsområda		SFVL, KS, USHT, Koordineringsgruppa	Kommunane, samarbeidsforum
Informasjonsbrev	Fagleg oppdatering, informasjon, inspirasjon	Aktuelle tema frå nasjonalt og regional hald	Mars/april + november	Statsforvaltaren, USHT, KS + resten av koordineringsgruppa	Tilsette og politikarar i kommunane
Møte koordinerings-gruppa	Involvering / oppdatering	Aktivitet knytt til Leve heile livet	2-3 gangar pr. år	Statsforvaltaren	Utvida regionalt støtteapparat
Oppfølging kommunane i samband med nettverksarbeid	Implementering / gjennomføring	Gode pasientforløp, læringsnettverk	Etter behov	USHT SFVL, KS bistår ved behov	Tilsette i kommunane

Plankonferanse	Informasjon, erfaringsutveksling	Ulike plantema	1x året	Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren	Kommunane i Vestland
----------------	----------------------------------	----------------	---------	--	----------------------

4. ORGANISERING AV NETTVERK

Vi har planlagt å bruke allerede etablerte møteplassar og nettverk. Kommunane har gode erfaringar med deltaking i USHT sine læringsnettverk, mellom anna innan pasienttryggleiksprogrammet. Kommunane vil få tilbod om eige Leve hele livet læringsnettverk, dersom kommunane har ønskje og behov for dette. Mellom anna dannar dialogmøta grunnlaget for vidare planlegging, val av tilbod og metode. Utviklingsentra har hovudansvaret for den praktiske gjennomføringa, med støtte frå samarbeidspartane i koordineringsgruppa etter behov. KS har regionale møteplassar for kommunalsjefar innan helse og omsorg og vil nytte desse møteplassane for å sikre at kommunen sine behov og ynskjer vert ivaretatt.

Støtteapparatet har etablert eige nettverk mellom kommunane, ein kontaktperson frå kva av dei 43 kommunane i vestland.

Namn på nettverk	Driftes av	Eksisterende / videreutvikling/ nyetablering	Målgruppe	Hva og hvordan tematiseres reformen	Arbeidsform og regelmessighet	Forventet utbytte for kommune
Kommunenettverk om universell utforming https://www.ks.no/fagomrader/velferd/universell-utforming/kommunenettverk-universell-utforming/	KS			Innsatsområde 1		
Nettverk for aldersvennlige lokalsamfunn https://www.aldersvennlig.no/2021/03/09/vidarefører-ks-sitt-nettverk-for-aldersvennlige-lokalsamfunn/	Senter for aldersvennlig Norge	Senter for aldersvennlig Norge vidarefører nettverket frå KS		Innsatsområde 1		
Etikkrettleiarnettverk for etikkrettleiarar kommunar og Helseføretak	KS SME(Senter for			Innsatsområde Alle	Samlinger 1 gang i året	Erfaringsdeling Kunnskapsdeling og påfyll

https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/samarbeid-om-etisk-kompetanseheving/	medisinsk etikk)					
https://www.med.uio.no/helsam/om/organisasjon/avdelinger/sme/						
Nettverk Aktiv Omsorg	USHT Helse Fonna		Alle kommunane i Helse Fonna-regionen	Innsatsområde 2	to samlingar i året og eiga Facebook-gruppe	
Nettverk besøk og terapihund	USHT Helse Fonna		Alle kommunane i Helse Fonna-regionen	Innsatsområde 2	to samlingar i året og eiga Facebook-gruppe	
Faglig nettverk innen kreftomsorg og lindrende behandling (KLB)-nettverk	Helse Fonna (USHT Helse Fonna medlem av driftsgruppe)			Innsatsområde 4	fire samlingar i året	
Læringsnettverk Gode pasientforløp	USHT Helse Fonna, FOUSAM, KS		Alle kommunane i Helse Fonna-regionen, og Helse Fonna helseforetak	Innsatsområde 5		

Læringsnettverk Gode pasientforløp https://ushtsognogfjordane.no/tenester/satsingsomrade/gode-pasientforlop/	FHI/KS/USHT Vestland (S&Fj)	Eksisterende. Oppstart mars 2021	Påmelde team frå kommunane i S & Fj og Helse Førde	Innsatsområde 5	4 samlingar over 18 mnd. Rettleiing mellom samlingane	Heilskapleg pasientforløp i heimen (HPH). Retningsendring: Kva er viktig for deg?
Fagnettverk eldremedisin/eldreomsorg https://ushtsognogfjordane.no/tenester/satsingsomrade/fagnettverk-eldremedisin/om-fagnettverk-eldremedisin/	USHT Vestland (S & Fj), SESAM-Helse Førde	Eksisterende	Ressurspersonar og andre tilsette i kommunehelse tenesta og sjukehusavdelingar	Innsatsområde 2,3,4,5	To fagdagar / år. Ei samling for ressurspersonar	Fremje trygge og samordna helsetenester Fremje deling av beste kunnskap mellom tilsette i kommune- og spesialisthelsetenesta Styrke engasjementet for arbeid med målgruppa
Velferdsteknologi i Sogn og Fjordane https://ushtsognogfjordane.no/tenester/satsingsomrade/velferdsteknologi/velferdsteknologi-i-sogn-og-fjordane/	USHT Vestland (S & Fj), Sunnfjord kommune, kommunane i S & Fj.	Eksisterende	Kommunale prosjektledarar (alle kommunane er med)	Innsatsområde 1,2,4,5	Månadlege møtepunkt (møter, workshop, samlingar)	Støtte i arbeidet med implementering av velferdsteknologi
Fagnettverk velferdsteknologi	USHT Helse Fonna i samarbeid med HVL,		Alle kommunane i Helse Fonna -regionen	Innsatsområde 1,2,4 og 5		

	FOUSAM, Helse Fonna helseforetak og Haugaland vekst					
ABC kommunekontakter https://ushtsognogfjordane.no/tenester/satsingsomrade/abc/	USHT Vestland (S & Fj)	Eksisteran de	Kommunekont aktar innanfor ABC opplæringsmo dell.	Innsatsomr åde 2,3,4,5		Erfaringsdeling . Styrke rolla som ABC kommunekonta kt, og ABC- aktivitet i kommunen
Nettverk for ressursjukepleiarar i kreftomsorg og lindrande behandling	KLB Helse Vest. USHT Vestland (S&Fj) samarb.par t	Eksisteran de	Ressursjukepl eiarar i kommunane og Helse Førde	Innsatsomr åde 4,5	To regionale samlingar og ei fellessamli ng	Sikre kvalitet og kontinuitet i pleie- og omsorgstilbode t til kreftpasientar og pasientar med behov for lindrande behandling Pasienten og familien skal oppleve god kvalitet,

						tryggleik og samhandling i alle nivå av helsetenesta
Eldre medisinsk nettverk	SESAM (USHT Helse Fonna deltek saman med SESAM og FOUSAM)		For alle kommunane i Helse Fonna-regionen	Innsatsområde 2,3,4 og 5		
Nettverk Demensomsorgens ABC kommunekontakter	USHT Vestland (Hordaland)		Alle kommuner i region Hordaland	Innsatsområde 2,3,4,5		
Nettverk Mitt Livs ABC kommunekontakter	USHT Vestland (Hordaland)		Alle kommuner i region Hordaland	Innsatsområde 2,3,4,5		
Læringsnettverk Pasientsikkerhet – Leve Hele Livet	USHT Vestland (Hordaland)		Alle kommuner i region Hordaland	Innsatsområde 2,3,4,5		

Læringsnettverk «Gode pasientforløp» planleggast	USHT Vestland (Hordaland)	Under planlegging	Alle kommuner i region Hordaland	Innsatsområde 2,3,4,5		
Nettverk kommunekontaktar	Regionalt støtteapparat		Alle kommunane i Vestland	Alle innsatsområda	Møte 3-4 gangar i året	Dialog mellom kommunar, utveksle erfaringar, fagleg oppdatering. Forventar godt utbytte

5. ØVRIG OPPFØLGING

Støtteapparatet i Vestland er aktiv med i dialogen med andre støtteapparat i landet. Vi har hatt ein spesiell tett dialog med støtteapparatet i Rogaland og Agder. Det er gjennomført felles webinar med Rogaland med analyse som tema, der var Statsforvaltaren i Agder innleiar. Det har også vore gjennomført felles møte med regionalt støtteapparat i dei tre fylka.

Elles deler vi erfaring med andre fylke etter behov. Regionalt støtteapparatet i Vestland har vore sterk representert i dei nasjonale møta mellom støtteapparata som nasjonalt støtteapparat har arrangert. Desse møta har vore nyttige for vårt arbeid då det har vore mykje god informasjonsflyt på tvers av fylka. Både KS og fylkeseldreråd har aktivitet og nettverk på tvers av fylka.

